



Næringsretta aktørar med partnarskapsavtalar

Dato: 07.10.2016

Vår ref.: 2016/10549-1

Saksbehandlar: josfare

Dykkar ref.:

## Forslag til statsbudsjett for 2017; - moglege følgjer for partnarskapsavtalane med Hordaland fylkeskommune

Statsbudsjettet 2017, som vart lagt fram 06.10.2016, legg opp til ein vesentleg reduksjon (ca 400 mill kr), og endra målstruktur, for dei Regionale utviklingsmidlane samanlikna med tildegarde år. For Hordaland fylkeskommune sin del er dei regionale utviklingsmidlane foreslått redusert til 45 mill kr. Av denne løyvinga er 9 mill kr øyremerka omstilling og ca 20 mill kr bedriftsretta midlar som Innovasjon Noreg forvaltar. Det inneber at fylkeskommunen har ca 15 mill kr att til alle øvrige formål inklusiv partnarskapsmidlar for 2017. Samstundes er det innført sterkare målstyring av midlane. I fjor var tilsvarende sum ca 25 mill kr og med vidare målstyring.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2013, kor overføringane var på 72,72 mill kr, hatt ein vedvarande nedgåande tendens i statlege overføringar til næringsutvikling. I 2015 vart Hordaland fylkeskommune tildelt 56,8 mill kr og i 2016 49,8 mill kr i regionale utviklingsmidlar. Samstundes har ein ut i frå strategiske omsyn freista å skjerma dei næringsretta partnarane frå kutt, og heller avvikla og nedprioritert andre delar av fylkeskommunen si verksem. Til dømes nyttar ein i 2016 tilbakeførte midlar frå tidlegare år for mellom anna å hindre større kutt hjå partnarane. Slik som Statsbudsjettet for 2017 ligg føre no, kan ikkje fylkeskommunen lenger garantere for at støtta til dei næringsretta partnarane kan oppretthaldast.

Som følgje av desse vesentlege endringane må fylkeskommunen vise til etterhaldet som er tatt i Partnarskapsavtala med dykk:

*«Det årlege partnarskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjettetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.»*

Fylkeskommunen gjer dykk no merksam på at alle partnarskapsavtalar kan verte redusert eller terminert frå 1.1.2017, uavhengig av om støtte for 2017 er vedtatt tidlegare. Tilsvarande vil dette også få konsekvensar for mogleg fornying av partnarskapsavtalar som går ut etter 2016. Vi kjem attende til dette når endeleg Statsbudsjett for 2017 og fylkeskommunen sitt budsjett for 2017 er vedteke.

Me ber om at alle partnarar tar dette med i planlegginga av eigen aktivitet og budsjett for 2017 og orsakar for ulempene dette medfører for dykkar organisasjon.

Med helsing

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringsssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*